



## Årsmelding for år 2015.

Årsmøtet vart halde på Åsvang søndag 15.februar 2015.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Erlend Eggen, Jan Sparstad og Oddbjørn Skeie.

Andre som var til stades var Bjørg Berge, Helge Rønningen og Ingrid Skavhaug.

### Val av nytt styre:

|                     |                                |
|---------------------|--------------------------------|
| Leiar:              | Erlend Eggen                   |
| Styremedlem:        | Ivar Hemsing (gjenväl)         |
| Skrivar             | Oddbjørn Skeie (ikkje på val)  |
| Kasserar            | Jan Sparstad (ikkje på val)    |
| Ungdomsrepresentant | Anne Heidi Kvam Hillestad (ny) |

|            |                             |
|------------|-----------------------------|
| Revisorar: | Nils Leine og Inger Sørum   |
| Valnemnd:  | Ida Østvold (ny)            |
|            | Andris Jørgensson Kvam (ny) |

**Medlemstal** pr. 31.12.2014: xx stk.                      Lagets eige: kr xx44 377,-

**Om instrumenta i laget:** I 2011 vart det kjøpt nye boger og ryggsekkar/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

**I laget sitt eige:** Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)  
Fire hardingfeler:  
- Hardingfeler med boge og skrin - ikkje utleigd. På Åsvang.  
- Hardingfeler med boge – Jørgen A. Kvam  
- Hardingfeler med boge og skrin – ikkje utleigd. På kulturskulen.  
- Hardingfele med boge og skrin.(«Grihamarfela») – Emilie Hermundstad  
Tre mindre, ”flatfeler”.  
Ein kontrabass  
Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)  
Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

**Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.**

**Sylvfela. Laurdag 28.mars** så arrangerte Valdreskvelven og Vang frivilligsentral bygdedans på Åsvang. Musikk var det med Norsk Poesi og Herrelaget. Tidlegare på dagen var det eit selskap for Ivar Helsing, der Ragnhild Tønsager saman med vener ønskte å lage ei markering for at Ivar vart seksti år i 2014. Ragnhild og Ivar hadde og forlova seg, så det vart og markert. Valdreskvelven brukte denne markeringa til å gje Sylvfela til han Ivar. Denne fekk han for lang og stor teneste for folkemusikken i Valdres. Det vil ikkje la seg ramse opp her alle verv oppgåver han har hatt gjennom sitt aktive folkemusikkliv. Dette var ei sær forntent markering, og alle i salen let vel under overrekkinga.



*Ivar med Sylvfela, Ivar og Ragnhild og Nils som spela fele under markeringa!*

**Styremøte:** Styret har hatt eit møte i tillegg til årsmøtet. Mykje aktivitet er også blitt organisert med epost og telefonar.

### **Kappleikar:**

#### **Valdreskappleiken:**

Valdreskvelven arrangerte i år Valdreskappleiken på Åsvang laurdag 9.mai. Tora Skavhaug Vik var god leiar for kappleiksarrangeringa, og hadde med seg ein stor og godt arbeidande stab. Her ser vi mellom anna leiar for kappleiken Tora, gje Jan Beitoaugen Granli fyrste premie i finalespelet.



Det var mykje folk gjennom heile arrangementet, og veldig bra kvalitet på innslaga på kappleiken.

#### **Landskappleiken/ Jørn Hilme stemnet:**

Landskappleiken var i år integrert i Jørn Hilme stemnet på Fagernes. Mange frå Valdreskvelven deltok som frivillig og gjorde ein flott innsats.

Desse deltok på kappleiken: Anders Daae Mæland-harpe (plass 8 i eldre folkeinstrument), Tora Skavhaug Vik dansa Valdrespringar (plass 7 med Sivert Holmen) i dans hardingfele

klasse A, Silje Onstad Hålien dansa Valdresspringar (plass 14 med Erik Onstad) i dans hardingfele klasse A, Tom Kjetil Tørstad spelte torader (2 plass) i durspel senior, Jørgen Andrisson Kvam (8 plass), Sigrid Daae Mæland (14 plass) og Simon Andre Havro (23 plass) deltok i klasse C hardingfele, vi hadde folk med i lagspel junior, Jørgen Andrisson Kvam (2 plass) og Marit Andrisdotter Kvam (3 plass) deltok i munnharpe junior, Oddbjørn Skeie (gitar-uplassert) og Olav Bøland (piano-uplassert) deltok i open klasse.

### **Landsfestivalen for gamaldans i Lom 5.- 9 august:**

Her var Ivar Hemsing og Ragnhild Tønsager til stades.

**Årsmøte Valdres folkemusikklag.** Ivar Hemsing representerte laget her.

**Årsmøte FolkOrg:** Ingen deltok her.

### **Good Time Charlie og Valdreskvelven på Åsvang fredag 20.november:**

Fredag 20.november arrangert Valdreskvelven bygdekveld på Åsvang i lag Innovangsjonen og Vang frivilligsentral. Her var bluesgruppa Good Time Charlie hovudattraksjon. Dei spela til konsert og til dans denne kvelden. Felegruppa i Valdreskveleven spelte og til dans. Oppunder 50 stykk var inne denne kvelden og kosa seg.



### **Aktivitetar:**

#### **Fele**

Felegruppa har vore litt mindre aktiv i år. Har vore ein del øvingar i samarbeid med Vestre Slidre spel- og dansarlag. Desse har vore heime hjå ein av dei som er med. I påska spelte vi til dans på Solhaug i Øystre Slidre.

#### **Trekkspel / Toradar / Kontrabass**

Tørstad har også ofte spela til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven.

#### **Langeleik**

Tre elevar går i kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles speling.

#### **Dans**

Valdreskvelven hadde om våren runddans og springar på måndagskveldane på Åsvang. Dette har vore eit bra tiltak, og har hatt bra oppmøte. Her vil vi takke Frivilligsentralen godt samarbeid. Me har og vore invitert til Vestre Slidre folkemusikk og danselag på dansekveldar. Her har me vore med både dansarar og felespelarar. Det har og på våren vore eit samarbeid

mellom Valdreskvelven og Vang kulturskule, der Jan Beitoaugen Granli har vore lærar på lausdans. Kurset var like etter skuleslutt, og det har vore tre deltakarar med.

**Aktivitetslogg:**

Felegruppa spela på rakfiskfesten på Kvamshall laurdag 29.november.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, 08.03.2015

---

Oddbjørn Skeie  
Skrivar

---

Erlend Eggen  
Leiar